



Fylkesmannen i Hordaland

Sakhandsamar, innvalstelefon
Anne Grete Robøle, 5557 2231

Vår dato
03.02.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2016/1547
Dykkar referanse

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Melding om tilsyn med Meland kommune 5., 6. og 8. april 2015 - helse- og omsorgstenester til personar med psykisk utviklingshemming

Fylkesmannen fører tilsyn med helse- og omsorgstenester i fylket, jf. lov om statleg tilsyn med helse- og omsorgstjenesten § 2 og § 3.

Vi melder med dette tilsyn med Meland kommune 5., 6. og 8. april 2016. Tilsynet er del av det landsomfattande tilsynet med kommunale helse- og omsorgstenester i 2016.

Føremålet er å undersøke om kommunane ved si styring og leiing har lagt til rette for, utfører og ser til at krav i helse- og omsorgslovgjevinga blir etterlevde. Tilsynet gjeld gjennomføring av tenester som kommunen har gjort vedtak om, til personar med psykisk utviklingshemming over 18 år som bur i eigen bustad (eigd eller leigd bustad), om dei får tenestene som dei har rett på og at tilbodet dekkjer grunnleggjande behov for personleg assistanse, avgrensa til eigenomsorg, tilsyn og aktivisering, og opplæring for å oppretthalde eller betre funksjons- og meistringsevne.

Vidare skal vi undersøke om kommunen gir nødvendig helsehjelp i eigen heim, om legemiddelhandteringen er forsvarleg og om kommunen sørger for nødvendig behandling og oppfølging hos fastlege.

Vi skal også undersøke om kommunen har lagt til rette for samarbeid mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenestene og om kommunen varetok retten til brukarmedverknad.

Tilsynet omfattar ikkje bruk av tvang og makt.

Tilsynet omfattar ikkje verksemda til fastlege og spesialisthelseteneste.

Regelverk som blir lagt til grunn ved tilsynet er:

- Lov av 30. mars 1984 nr. 15 om statlig tilsyn med helse- og omsorgstjenesten
- Lov av 24. juni 2011 om kommunale helse- og omsorgstjenester
- Lov av 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter
- Lov av 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.
- Lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker
- Forskrift av 20. desember 2002 nr. 1731 om internkontroll i helse- og omsorgstjenesten
- Andre relevante forskrifter

I samband med førebuing til og gjennomføring av tilsynet ber vi om at kommunen snarast råd og innan 18. februar peiker ut ein kontaktperson for tilsynet.

Innan 1. mars ber vi om å få tilsendt følgjande opplysningar:

1. Organisasjonskart for Meland kommune, dersom dette er endra etter 5. august 2014 (informasjon på nettsida til kommunen)
2. Detaljert organisasjonskart som gjeld tenester til personar med psykisk utviklingshemming
3. Namn, stillingsstørleik, utdanning til leiarar og tilsette i tenestene for psykisk utviklingshemma
4. Oversikt over bufellesskap / tenestestader for personar med psykisk utviklingshemming
5. Stillingsomtalar eller andre dokument som viser kva ansvar og mynde leiarar og tilsette i tenestene for psykisk utviklingshemma, har
6. Informasjon om kommunens vurdering av kva fagleg kompetanse som trengst i tenestene tilsynet omfattar, om tenestene har nok personell med rett kompetanse, eventuelt kva som manglar og kva kompenseringe tiltak som er sett i verk på kort sikt og kva som blir gjort på lengre sikt for å styrke fagleg kompetanse
7. Opplæringsplan for nyttilsette, vikarar og for vedlikehald/styrking av fagleg kompetanse hos fast tilsette
8. Styrande dokument som gjeld saksbehandling og vedtak om tildeling av tenester (kartlegging av behov, saksutgreiing og vedtak)
9. Informasjon om iverksetting/gjennomføring av tenester, også kven som har ansvaret for å sjå til at tenestene blir gitt i samsvar med vedtak.
10. Styrande dokument om dokumentasjon av hjelp som blir gitt, inklusive helsehjelp
11. Styrande dokument som gjeld melding om og oppfølging av uønskte hendingar/avvik samt oversikt over meldte hendingar siste tre månader.
12. Informasjon om kor mykje personell og kva yrke dei som er på vakt har, fordelt på dagvakt, kveldsvakt og nattevakt kvardagar og helger.
13. Turnusliste for januar 2016
14. Styrande dokument som gjeld legemiddelhandtering til personar med psykisk utviklingshemming
15. Styrande dokument som gjeld samarbeid med fastlegar og med spesialisthelsetenesta
16. Informasjon, og eventuelle styrande dokument, om korleis tenestemottakarar, pårørande og verjer får informasjon om kommunens tenestetilbod og kan medverke i utforming av tenestene
17. Informasjon om resultat frå siste gjennomgang av styringssystemet for tenestene til personar med psykisk utviklingshemming

Send gjerne dokumenta som e-post til fmhpostmottak@fylkesmannen.no

Innan 1. mars ber vi også om å få tilsendt:

Kopiar av saksutgreiing og siste vedtak om tildeling av tenester til psykisk utviklingshemma over 18 år.

Dokumenta inneholder opplysningar som er underlagt teieplikt. Vi ber om at dokumenta blir sendt per brevpost til Fylkesmannen i Hordaland. Vis gjerne til meldinga om tilsynet og oppgje vår referanse 2016/1547.

Gjennomføring

Før tilsynet blir gjennomført skal vi innhente informasjon frå lokale pasient- og brukarrepresentantar. Som del av tilsynet skal vi og intervjuere nokre tenestemottakarar og eller deira representantar. Dei som vi vel ut, vil få eige brev med informasjon om tilsynet og invitasjon til samtal. I samband med utveljinga vil vi og be om informasjon frå kommunens kontaktperson for dette tilsynet. Tilsynet blir utført som systemrevisjon. Program for tilsynet blir tilsendt i veke 11.

Tidspunkt for møte, intervju og stikkprøver og namn på personane vi ønskjer å intervju vil gå fram av programmet. Frå vår side er det ønskjeleg om alle som er sett opp til intervju, kan delta på opningsmøtet 5. april og sluttmøtet 8. april.

Vi ber om å få disponere eit møterom med projektor og plass til 15 personar for gjennomføring av opningsmøtet og sluttmøtet. Til intervjuet ber vi om å få disponere eit rom med plass til 6-7 personar.

Ved tilsynet gjer vi stikkprøver i eit utval pasientjournalar og mapper (elektroniske og eller papirbaserte). Vi ber vi om å få eigen brukartilgang på to pc-ar. Vi gjev kontaktpersonen for tilsynet nærmare informasjon om tidspunkt for stikkprøve og kva pasientjournalar og mapper vi treng tilgang til. Vår heimel for innsyn i pasientjournalar og mapper følgjer av helse- og omsorgstenestelova § 5-9.

Ver venleg å informere einingsleiararar og tilsette om tilsynet slik at dei kan legge til rette og vere tilgjengelege ved tilsynet.

Invitasjon til formøte

Tilsynet er omfattande. For å gjere oss så føreseielege som råd og for å få informasjon frå kommunen, inviterer vi til formøte i Statens hus, Kaigaten 9, Bergen den 25. februar kl. 12.30. Vi ønskjer på denne måten å bidra til at kommunen får tilstrekkelig informasjon på førehand og om mogeleg unngå eventuelle mistydingar.

Ver venleg å gje beskjed innan 18. februar om kven som kjem til møtet frå Meland kommune.

Tilsynet blir utført av seniorrådgjevar Toril Veftenstad, rådgjevar Ørjan Moldestad, seniorrådgjevar Arne Erstad og seksjonsleiar Anne Grete Robøle.

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål om tilsynet og den praktiske gjennomføringa av dette. Kontaktpersonar er Anne Grete Robøle, fmhoagr@fylkesmannen.no, og Torill Veftenstad, fmhotve@fylkesmannen.no

Med helsing

Helga Arianson
fylkeslege

Anne Grete Robøle
seksjonsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.